



Møteprotokoll

| | |
|------------------|--|
| Utval: | Kontrollutvalet i Eidfjord kommune |
| Møtestad: | Kommunestyresalen, Kommunehuset i Eidfjord |
| Dato: | 24.09.2020 |
| Tid: | 10:00 - 14:00 |

Følgjande faste medlemmer møtte:

| Namn | Funksjon | Representerer |
|--------------------------|----------|---------------|
| Jostein Hovland | Leiar | AP |
| Haldis Myrvang Riber | Medlem | AP |
| Anita Fredheim Limstrand | Medlem | |
| Kari Læg Reid | Medlem | |

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

| Namn | Funksjon | Representerer |
|-----------------|-----------|---------------|
| Kjell Ove Tveit | Nestleiar | |

Følgjande varamedlemmer møtte:

| Namn | Møtte for | Representerer |
|------|-----------|---------------|
|------|-----------|---------------|

Merknader

Det var ikkje mogleg å kalle inn vara.

Andre som møtte:

| Namn | Stilling |
|--------------------------------|--|
| Kjartan Haugsnes | Seniorrådgjevar Vestland fylkeskommune |
| Elin Bye | Dagelg leiar IHR |
| Arne Gilbakken | Forvaltningsrevisor IHR |
| Anders Vatle | Ordførar |
| Geir Underhaug | Rådmann (Til PS 15/20-17/20) |
| Jostein Hovland utvalsleiar | Kjartan Haugsnes utvalssekretær |

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Sakliste

| Utvals- saknr | Innhald | Arkiv- saknr | U.Off |
|--------------------------|--|-------------------------|--------------|
| | Godkjenningssaker | | |
| GK 4/20 | Godkjenning av innkalling og sakliste | | |
| GK 5/20 | Godkjenning av protokoll frå Kontrollutvalet sitt møte 28.05.2020 | 2020/65 | |
| | Politiske saker | | |
| PS 15/20 | Orientering frå rådmann og ordførar, oppfølging av selskapskontroll eigarstyring 2018. | 2020/123 | |
| PS 16/20 | Orientering frå rådmann og ordførar, oppfølging av årsmelding og årsrekneskap 2019. | 2020/68 | |
| PS 17/20 | Henvending til kontrollutvalet | 2020/161 | |
| PS 18/20 | Milepælsorientering forvaltningsrevisjon Bygging av ny sjukeheim i Eidfjord. | 2017/44 | |
| PS 19/20 | Plan for forvaltningsrevisjon Eidfjord kommune 2020 - 2024 | 2019/122 | |
| PS 20/20 | Plan for eigarskapskontroll Eidfjord kommune 2020 - 2024 | 2019/121 | |
| PS 21/20 | Budsjett for kontroll og tilsyn Eidfjord kommune 2021 | 2020/118 | |
| | Referatsaker | | |
| RS 9/20 | Vedtak kommunestyret årsmelding KU 2019 | 2020/123 | |
| | Politiske saker | | |
| PS 22/20 | Eventuelt | 2020/69 | |

Godkjenningssaker

GK 4/20 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll 24.09.2020 - Kontrollutvalet i Eidfjord kommune

Handsaming i møte

Det framkom ikkje merknader til innkalling og sakliste

Vedtak

Innkalling og sakliste vart godkjent.

GK 5/20 Godkjenning av protokoll frå Kontrollutvalet sitt møte 28.05.2020

Forslag til vedtak

Protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 28.05.2020 vert godkjent.

Saksprotokoll 24.09.2020 - Kontrollutvalet i Eidfjord kommune

Handsaming i møte

Det framkom ikkje merknader til protokoll frå møte 28.05.2020

Vedtak

Protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 28.05.2020 vert godkjent.

Politiske saker

PS 15/20 Orientering frå rådmann og ordførar, oppfølging av selskapskontroll eigarstyring 2018.

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet ber om at selskapskontroll eigarstyring vert lagt fram for kommunestyret snarast.

Saksprotokoll 24.09.2020 - Kontrollutvalet i Eidfjord kommune

Handsaming i møte

Rådmann Geir Underhaug orienterte og beklaga at saka ikkje har kome i kommunestyret tidlegare.

Saka kjem no i kommunestyret på mandag 28.09

Vidare orienterte rådmannen og mellom anna om den pågåande prosessen gjeldande Hardanger Energi og Odda energi, Destinasjon Eidfjord og Indre Hordaland Miljøverk.

Slikt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Informasjonen vart teken til orientering.

Vedtak

Informasjonen vart teken til orientering.

PS 16/20 Orientering frå rådmann og ordførar, oppfølging av årsmelding og årsrekneskap 2019.

Forslag til vedtak

Informasjonen vart teken til orientering.

Saksprotokoll 24.09.2020 - Kontrollutvalet i Eidfjord kommune

Handsaming i møte

Rådmann Geir Underhaug og ordførar Anders Vatlø orienterte og var mellom anna innom slike punkt:

- Høgt sjukefråver i barnehage. Har forsøkt prosjekt «NED» gjennom KS og bedriftshelsetenesta. (NED med sjukefråveret)
- Næringsutvikling: Næringsstøttefond og kraftfond. Kommunen skal være fasilitator for næringsliv og dei som ønskjer å skape arbeidsplassar. (Turistveg, Sysendalen osv)
- Næringshagen i Hardanger er no i Eidfjord ein dag i veka.
- Presisering i revisjonsmeldinga gjeldande investeringsprosjekt. - Alle oppgjøra vil verte avslutta i 2020. Lærdom for alle sakene, i framtida skal prosjekt gjennomførast som totalentreprise.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Informasjonen vart teken til orientering.

PS 17/20 Henvending til kontrollutvalet

Forslag til vedtak

Saksprotokoll 24.09.2020 - Kontrollutvalet i Eidfjord kommune

Handsaming i møte

Haldis Riber ba om at hennar gildskap vart vurdert og ho fråtrede møtet.

Utvalet fann Haldis Riber ugild til å handsame saka og ho forlot møtet.

Møtet vart lukka etter kommunelova § 11.5 a.

Sekretariatet orienterte kort om henvendinga, og korleis slike henvendingar vert handsama når dei kjem til kontrollutvalet

Rådmann Geir Underhaug og ordførar Anders Vatle orienterte om kommunen si rolle i saka og var mellom anna innom slike punkt:

- Kommunen inngjekk forliksavtale i 2015 for alle forhold før 2015
- Kommunen vart på nytt saksøkt for skyld av pengar januar 2020 - retten kom til at kommunen var utan skyld og vart tilkjent 88 000 i sakskostnader.
- Kommunen er på nytt stevna for retten januar 2021 for nytt pengebeløp.

Etter sams drøfting vart følgjande forslag til vedtak samrøystes vedteke.

Kontrollutvalet skal normalt ikkje handsame saker som er, eller har vore i rettssystemet.

Vedtak

Kontrollutvalet skal normalt ikkje handsame saker som er, eller har vore i rettssystemet.

PS 18/20 Milepælsorientering forvaltningsrevisjon Bygging av ny sjukeheim i Eidfjord.

Forslag til vedtak

Informasjonen vart teken til orientering.

Saksprotokoll 24.09.2020 - Kontrollutvalet i Eidfjord kommune

Handsaming i møte

Forvaltningsrevisor IHR, Arne Gilbakken orienterte utvalet og var mellom anna innom slike punkt.

- Det har vore særskilt utfordrande å få ut dokumentasjon (overtakingsprotokollar) frå kommunen. (januar - september), men er no mottekne.
- Avtalar og sluttdokumentasjon er ikkje arkivert i kommunen. Revisjonen «hever eit raudt flagg» på arkiv, og at tilgang til dokumentasjon i framtida ikkje er sikra.
- Førebels rekneskap vart av revisor henta ut for to veker sidan. Det er kome inn fakturaer i prosjektet på 207 millionar kroner.
- Rekneskap vil verte analysert mot budsjett og revisjonen kan ferdigstillast.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Informasjonen vart teken til orientering.

PS 19/20 Plan for forvaltningsrevisjon Eidfjord kommune 2020 - 2024

Forslag til innstilling

1. Forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024 for Eidfjord kommune vert vedteken slik den ligg føre.
2. Planen erstattar plan forvaltningsrevisjon for perioden 2016 - 2020.
3. Planen gjeld for resten av valperioden og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2024.
4. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjere endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innafor dei utvalde områda i planen.
5. Planen skal evaluerast minst ein gong i valperioden. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne evalueringa.
6. Kontrollutvalet skal rapportere resultatet av forvaltningsrevisjonar til kommunestyret etter kvart.

Saksprotokoll 24.09.2020 - Kontrollutvalet i Eidfjord kommune

Handsaming i møte

Etter sams drøfting i utvalet vart slikt forslag til endring i innstillinga punkt 1 samrøystes vedteke.

Forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024 for Eidfjord kommune vert vedteken med slike endringar:

Kontrollutvalet set prosjekt barnehage som nummer to i plan for forvaltningsrevisjon og etterleving arkiv vert sett som nummer tre. Resterande prosjekt vert justert i høve dette.

Innstillinga punkt 2 til 6 vart samrøystes vedteke utan endring.

Innstilling

1. Forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024 for Eidfjord kommune vert vedteken med slike endringar:

Kontrollutvalet set prosjekt barnehage som nummer to i plan for forvaltningsrevisjon og etterleving arkiv vert sett som nummer tre. Resterande prosjekt vert justert i høve dette.
2. Planen erstattar plan forvaltningsrevisjon for perioden 2016 - 2020.
3. Planen gjeld for resten av valperioden og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2024.
4. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjere endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innafor dei utvalde områda i planen.
5. Planen skal evaluerast minst ein gong i valperioden. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne evalueringa.
6. Kontrollutvalet skal rapportere resultatet av forvaltningsrevisjonar til kommunestyret etter kvart.

Forslag til innstilling

1. Forslag til plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 - 2024 for Eidfjord kommune vert vedteken slik den ligg føre.
2. Planen erstattar plan selskapskontroll for perioden 2016 - 2020.
3. Planen gjeld for resten av valperioden og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2024.
4. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å foreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innafor dei utvalde områda i planen.
5. Planen skal evaluerast minst ein gong i valperioden. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne evalueringa.
6. Kontrollutvalet skal rapportere resultatet av eigarskapskontrollar til kommunestyret.

Saksprotokoll 24.09.2020 - Kontrollutvalet i Eidfjord kommune

Handsaming i møte

Forslag til innstilling vart samrøystes vedteke med slik endring i punkt 1.

1. Forslag til plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 - 2024 for Eidfjord kommune vert vedteken med slike endringar:

Eidfjord Natursenter AS vert sett som nr. 1.
Destinasjon Eidfjord AS vert sett som nr. 2
Hardanger Energi AS vert sett som nr. 3
Indre Hordaland Miljøverk vert sett som nr. 4

Vedtak

1. Forslag til plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 - 2024 for Eidfjord kommune vert vedteken med slike endringar:

Eidfjord Natursenter AS vert sett som nr. 1.
Destinasjon Eidfjord AS vert sett som nr. 2
Hardanger Energi AS vert sett som nr. 3
Indre Hordaland Miljøverk vert sett som nr. 4

2. Planen erstattar plan selskapskontroll for perioden 2016 - 2020.
3. Planen gjeld for resten av valperioden og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2024.
4. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å foreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innafor dei utvalde områda i planen.
5. Planen skal evaluerast minst ein gong i valperioden. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne evalueringa.
6. Kontrollutvalet skal rapportere resultatet av eigarskapskontrollar til kommunestyret.

PS 21/20 Budsjett for kontroll og tilsyn Eidfjord kommune 2021

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet godkjenner budsjettforslaget slik det ligg føre. Budsjettforslaget skal følgja sak med budsjettarbeid fram til handsaming i kommunestyret. Kommunestyret gjer endeleg vedtak om budsjett for kontrollarbeidet i 2021.

Saksprotokoll 24.09.2020 - Kontrollutvalet i Eidfjord kommune

Handsaming i møte

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet godkjenner budsjettforslaget slik det ligg føre. Budsjettforslaget skal følgja sak med budsjettarbeid fram til handsaming i kommunestyret. Kommunestyret gjer endeleg vedtak om budsjett for kontrollarbeidet i 2021.

Referatsaker

RS 9/20 Vedtak kommunestyret årsmelding KU 2019

Saksprotokoll 24.09.2020 - Kontrollutvalet i Eidfjord kommune

Handsaming i møte

Referatsaka vart teken til orientering.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

Politiske saker

PS 22/20 Eventuelt

Forslag til vedtak

Ikkje framlagt

Saksprotokoll 24.09.2020 - Kontrollutvalet i Eidfjord kommune

Handsaming i møte

Det vart meldt ei sak til eventuelt. Utvalsleiar ba rådmannen gje ei kort orientering om korona situasjonen i Eidfjord kommune og eventuelle særskilte utfordringar til dømes i cruisetrafikken.

Rådmann Geir Underhaug orienterte og var kort innom slike punkt.

- Cruisetrafikken 2020 ikkje eksisterande. Omlag 200 000 turistar skulle kome til Eidfjord denne sommaren.
- Det er til no meldt inn 90 cruiseanløp i 2021, men høgst usikkert om det kjem nokon i det heile.
- Eidfjord sette ned kommunal kriseleiiing (KKL) med ein gong utbrotet vart eit faktum. I starten møte to gonger i veka. No møtes KKL etter behov. Forkus på sjukeheimen, denne vart steng med ein gong. Foreløpig har tiltaka i kommune gått bra.
- Noko høgare sjukefråver må påreknast i 2020

Vedtak

Informasjonen vart teken til orientering.